

Fromme freistingar

Ein barnebokforfattar av i dag kan lett kome til å misunne den ukjende kollega som skreiv forteljinga om Jesus, ei forteljing samansett av ein serie høgdepunkt som i hundrevis av år har blitt formidla – skriftleg som munnleg – til barn og unge av vaksne oppsedarar, som sjølve hørde den store forteljinga den gong dei var barn. Kven har ikkje fått med seg den. Ein verkeleg barnelitterær klassikar. Ei verkeleg levande tradering.

Jesus som litterær helt både for barn og vaksne? Her kunne ein sanneleg snakke om «allalderlitteratur». Ein av dei få norske vaksenbokforfattarane som har tatt for seg den barnelitterære helten Jesus og granska urforteljinga om han, slik den står å lese i Det nye testamentet i Bibelen, er den aldrande Arne Garborg. Hans kritiske nylesing resulterte i eit stort essay, gitt ut i 1906 som eiga bok under tittelen Jesus Messias. Føremålet med Garborgs oppattlesing var å drøfte korleis Jesus hadde blitt formidla eller forvanska opp gjennom tida og om publikum mon hadde fått eit rett bilde av frelsaren. Han jamførte det som står nedteikna om Jesus i dei bibelske grunntekstane og kom sjølv sagt – elles hadde han neppe laga ei heil bok om emnet – til at publikum (medrekna dikteren sjølv) var feilinformert av kyrkja sine talsmenn.

Men før Garborg kjem i gang med sitt store prosjekt, som er å konfrontere dagens kyrkjelege liv og lære med Jesu liv og lære, streifar han innleiingsvis noko som kan ha særleg interesse for ein barnebokforfattar: Jesu barndom. Etter først å ha konstatert at namnet «Jesus» må ha vore uvanleg, sidan det berre er ein annan som har det namnet i Det nye testamentet, slår han fast:

Jesus Messias var frå Nasaret. Um Ætti og barndomen hans er lite fortalt. Det eldste og mest litande er vel det som etter Mattæus (13:55,56) og Markus (6:3; samf. Joh. 6:42) vert sagt millom Folke i Nasaret, daa Jesus fyrste Gongen tala der: «Er ikkje dette (Son til) Timbermannen? Heiter ikkje mor hans Maria, og Brørane hans Jakob og Joses og Simon og Judas? Og er ikkje alle Systrane hans hjaa oss?» Fødestaden er etter Mattæus og Lukas Betlehem; dei tvo andre veit ikkje um annan Heimstad for Jesus enn Nasaret.» Um Fødsla og Barndomen fortel berre Matteus og Lukas noko serskilt. Og dei fortel kvar sitt... I det som vert fortalt um Fødsla og Barndomen hev dei tvo Sogumennene like eins havt kvar sitt aa gange etter. Den eine fortel um Vismennane, um Herodes og Barnemorde, um Rømsla til Ægypti; den andre veit ikkje um noko av dette, men skriv um Hyrdingar og Englesong, um Simeon og Anna, um at barnet etter Lovi vart umskõri. Sjølve Namnet Jesus fær barnet etter Lukasboki av Engelen (smf. Es.7:14). Lukas hev dertil den einaste Sogu som er fortald fraa Ungdomstidi: den um Tolv-Æringen i Temple...

Og litt seinare peikar Garborg på følgjande: «- Jesus talar sjølv aldri um Barndomen og Ungdomen sin; heller ikkje um Ætti...» Det er altså noko som manglar i den biografien, om enn ingen

skal påstå at dei som måtte undrast på korleis Jesus hadde det som barn har blitt oppmuntra av formidlarar og forkynnarar til å spekulere. Snarare tvert imot. Det dreia seg jo om alvor og frelse undervegs mot den sikre død og eit usikkert liv etter den. Og sjølv om Jesus formante alle om at ein ikkje kunne sjå fram til noko evig liv utan først å bli som barn att, så gav han ingen hint om korleis det var å vere barnsleg. Han lærte ikkje frå seg barnefakter eller nokon barnleg leik. Kanskje han ville mimra og gått i barndomen og fortalt om gamle dagar i fall han hadde blitt eldre, men han døydde vel tretti år gammal, så han rakk ikkje det.

Garborg skreiv ikkje noka barnebok. Frelsessoga om ungjenta Gislaug frå 90-åra er både om og for dei vaksne. Men Garborg sin yngre ven og kollega, Rasmus Løland, han er ikkje langt unna, sjølv om heller ikkje han skreiv noka barnebok om barnet Jesus. Har ein lese Lølands barnebøker, høyrer ein nesten for seg smågutane i hans forteljingarfabulere og diskutere korleis mon Jesus hadde det og tedde seg då han var på deira alder. Ei lølandsk barnebok om Jesu barndom ligg like under overflata.

Dette er innleiinga til ei vedgåing: Freistinga til å skrive ei ny og «fri» barnebok om Jesus-som-barn har til tider meldt seg i min hug. Det har gått så langt at eg har laga utkast, opningar, resyme o.l. av dei fleste kapitla, m.a. eitt om kor lite flink vesle Jesus var til å snekre og at han i staden gjekk ut og planta frø som skulle bli cedertre for å glede stefaren Josef. – Men seinare oppdaga eg litt av kvart som gjorde meg betenkt. Det er dette eg eigentleg vil fortelje om her. Det eine var at eg ikkje fekk meg til å skrive i Løland-stil, medan eg fall dess lettare inn i stilen frå den klassiske Bibelsoga for folkeskulen, ein bestseljar av ei skulebok på bokmål, samisk og nynorsksom innheldt korte bibelske opptrinn og episodar, attfortalde, omskrivne og forenkla av forfattaren Volrath Vogt, Jesu norske biograf frå siste del av 1800-talet og opp gjennom mange av 1900-talets tiår. Og så var det dette, at ei bok om «mitt» emne alt var skriven –.

Den boka komeg på sporet av for mange år sidan då eg las den eineståande registereringa og skildringa av såkalla «folkebøker» frå felleslitteraturens periode, altså frå den tid Norge hadde felles konge og felles bokkultur med Danmark, i ei bok skriven av Rasmus Nyerup og gitt ut i København i 1816 under den lange tittelen Almindelig Morskabslæsning i Danmark og Norge igjennem Aarhundreder. I kap. 5, under den frimodige tittelen «Bibelromaner» listar Nyerup opp fem ulike slike: «Jerusalems Skomager», «Pilati Historie», «Historie om Judas», «Josephs Historie» og «Jesu barndoms Historie». Om Jesu barndoms bok skriv Nyerup:

Hvad Bogens Alder angaar, da strækker den sig op til de første Aarhundreder efter Christi Fødsel, den er bleven tilskreven Matthæus, men Kirkefedre og Paver har forkastet den som manichæisk og kjættersk. Mahomed derimod gjorde Brug af den ved at udfærdige Koranen. Martinus Polonus, som levede ved Midten af det 13de Aarhundrede, taler om den som en almindelig læst Bog, og en Kartheuser-Munk, navnlig Philip, der levede i Begyndelsen af det samme Arhundrede, udsatte Bogens Indhold paa Rim . . .

Det har funnest mange versjonar av boka, men kyrkja har aldri godkjent innhaldet. Luther avviste boka i ein av sine bordtalar.

Om bokhistoria skriv den danske folkebokhistoriaren R. Paulli utførleg i etterordet (bd. 13) til det store bokverket Danske folkebøger fra 16. og 17. aarhundre (Kbh. 1915-36) som han og J. P.

Jacobsen gav ut. Jesu Barndoms Bog står diplomatarisk opptrykt (og filologisk annotert) i bd. 1 (1915) etter Gottfred af Ghemen si utgåve frå 1508, den eldste, trykte, danske versjonen.

Det Værk, Gothfred af Ghemen trykte i 1608, er som Udtryk for menneskelig Følelse, som Vidnesbyrd om selvstendig Formsans og Stiltugt og som Åbenbaring af en jevn folkelig Religjøsitet i Klerkekredse et af de ypperste Arbejderindenfor dansk Bogværk i Middelalderen, og allerede af den Grund Nutids-Danskes Interesse værd. Men det er ikke blot som middelalderligt Bogværksminde, det har Værdi. Den danske Klerks Ordning og Fordanskning af den almen-europæiske Opbyggelses- og Underholdningslitteratur om Jesusbarnets og hans Slægts liv og Levned blev en dansk Folkebog, den ypperste af alle danske Folkebøger, en af de mest læste af alle danske Bøger. Dens varme og Hjertelighed, dens troskyldige, jevne menneskelige Religjøsitet, den bedste Arv fra Antikken og den folkelige Katholisisme, bød en halv Snes Slægtled af danske Bønder noget af det, de uvilkårligt og uden at gøre sig Rede derfor savnede i Bibel og Katecismus, i Prædike og Psalmebog, hvad enten det var Orthodoxe eller Rationalister, der stod for Lærdommen og Opbyggelsen. Jesu barndoms Bog blev først overflødig, da en folkelig Digter-Ånd fik Mod og Lykke til, først i sig selv, siden i andre, i stadig flere, at forsone det folkelige og det christelige, da Børn og gamle i Stedet fort at læse i Jesu Barndoms Bog begynte at synge «Dejlig er den Himmel Blaa».

I fotnotane gir Paulli presise tilvisingar som byggjer opp under påstanden om at boka har vore folkekjær og mykje lesen gjennom fleire hundre år. « Det sidste – og interessanteste – af de Vidnesbyrd om Jesu Barndoms Bogs Udbredelse og Yndest, jeg kender, findes i fhv. Folketingsmand L. Larsens Barndoms-Erindringer fra Nord-Sjælland, offentliggjorte i «Fra Fredriksborg Amt» 1909. Det hedder her side 141 om Juletiden: «Foruden Kortspill og Fortællinger bestod Underholdningen af nogen Læsning i de få gamle Bøger man havde. En yndet Lektyre var Jesu Barndomsbog. Denne fandtes i næsten ethvert Hjem.»

Det må vere rimeleg å tru at boka kan ha vore tilsvarende populær også i Norge, sjølv om dei norske lesarane fell utanfor det Paulli tematiserer. (På den andre sida morar han seg med å gi att omslagsillustrasjonen til ei islandsk omsetjing som kom ut i Reykjavík 1924!)

Den viktigaste observasjonen Paulli – etter sine inngående granskingar – kan leggje fram i 1936 er likevel denne: Frå tidsrommet mellom 1508 og ca. 1750 finst det ingen trykte utgåver av Jesu Barndoms Bok. Frå denne perioden kjenner ein berre ulike handskrivne kopiar. Men at desse avskriftene eksisterer viser kor populær boka må ha vore.

Grunden til, at ingen i al den Tid har udsendt Bogen i Trykken, har ikke kunnet være Frygt for manglende Publikumsinteresse, men derimod for Ubehageligheder fra de højlærdes Side. Skriftet var argt Papisteri ligesom de Skrifter, det optræder sammen med i Blandingshaandskrifterne, og hvad Kirkereformatorene har ment om det, véd vi ganske præcist.

Han forklarar altså stoppen av trykte utgåver med den reformerte kyrkja sin uvilje. Alt i forordet til den vitskaplege utgåva i 1915 hadde han sagt frå: «Det er altså slet ikke en Jesu Barndoms-bog, men næsten udelukkende en Mariae Forherligelsesbog.»

Alt dette var interessant nok i seg sjølv. Men det som med eit fråstøytande uttrykk inspirerte skribenten i meg og med eit meir nøkternt uttrykk freista meg, var bokhistorikarens hint om at barnet Jesus i den eldgamle boka gjekk i ein kjortel som aldri blei skiten og som voks etter som han voks. Så praktisk! For er det noko barn gjer, så er det å skitne klærne sine og å vekse ut or

dei. Støtt er det noko med klesplagga. Kva kunne ein ikkje drøyme om var annleis. Samstundes kan foreldre forgude barna sine. Eg såg for meg at eg kunne skrive ei heil bok med heilt nye legender om gudebarnet Jesus som vanleg barn, men ei bok berre for barn, ikkje for vaksne eller teologar. Små lesarar, små, vakre mirakel. Eg minnest ein forfattarkollega som med konstaterande undring og profetisk læreglede viste meg sitt nyss fødte gutebarn og sa: «De pisser og skiter på oss, og vi behandler dem som konger!»

Vi mangla ei slik bok i Norge.

Då eg gjekk gjennom Paulli si liste over alle trykte utgåvar av Jesu Barndoms Bok og drog fram dei som var norske og ordna desse kronologisk, fann eg at boka her i landet berre var utgitt i relativt nyare tid. Rimeleg nok, sidan Norge fekk sine første prenteverk nokså seint i historia. Her er lista over norske utgjevingstader- og år:

Christiania 1841
 Skien 1842
 Bergen 1854
 Christiania 1859
 Christiania 1868
 Stavanger 1875

Som ein ser, då vi vel var skilde frå Danmark og hadde kome i gang med eigne prenteverk og bokugjevarar, var dette ei bok vi nordmenn produserte sjølv.

I tillegg finn eg denne utgåva registrert i Norsk bokfortegnelse:

Bergen 1865

Og endeleg kan eg supplere med ei utgåve eg har kjøpt antikvarisk og som ikkje finn registrert nokon stad:

Kongsvinger 1872

Eg seier «endeleg» også sidan dette markerer slutten på mine freistingar i retning av å skrive forteljingar om gudebarnet. Her sit eg med ei bok i handa – ei bok eg ikkje veit nokon andre kjenner eller bryr seg om å ha – og risikerer å sitje på same måte med mi eiga bok. For om vi manglar ei bok som den eg tenkte skrive, er det ikkje dermed sagt at vi treng den. Eg reistrerer ikkje nokon folkeleg trong etter ei slik. Heller ikkje nokon latent uvilje eller motstand. Tvert imot, det er fare for at vanlege brukarar ville oversjå boka mi og vanlege autoritetar sjå på boka som ei nyttig hjelpebok. Sidan 1870-80-åra då, Jesu Barndoms Bok slutta å kome ut i Norge, har Norge årvisst og i aukande mengd gitt ut nye barnebøker som samla sett utgjer ein formidabel barnelitteratur som i årevis har vore demokratisk utbreidd og lett tilgjengeleg i alle landets kommunar – samstundes med at Norge har sekularisert dei folkelege interessene både for sine barn og sine gudar. – Så eg roar meg. Det kjem inga ny bok om Jesu barndom frå mitt hald.

Men skulle eg bli for rastlaus her ved breidda av tastaturet, finst det andre inspirasjonar lenger bak i mi Kongsvinger-utgåve av Jesu Barndoms Bok. Der har eg oppdaga at nokon (Kongsvinger-utgjevaren F. Aug. Hess?) har hengt på sju anonyme salmar, og serleg er den som heiter «Jesu Omskjærelse» stimulerande. Den byrjar slik:

Vor Slægts nyfødde Frelsermand
Knappt otte Dage skuer han
Af livet her paa Jorden,
Før alt hans Nød begyndes skal;
Ja, for vort dybe Syndefald
Det Barn er plaget vorden.
Synder, Se kun Jomfru-Sønnen
Offre Lønnen
For vor Brøde:
Nyaarsmorgen maa han bløde.

Hør, tankeløse Menneske!
Nu løses Svøbeklæderne
Og saa omskjæres BARNET,
Der selv af himmelsk Herkomst er,
men just med Flid nesteget her
At løse dig fra garnet.
Herren taaler,
Kniven saarer
Hud og Aarer;
Blodet rinder,
Hvori Synd'ren Frelse finder.

Eg har leita, men utan nokon stad å finne opplysningar om denne salma. Kanhende var den skriven i von om å avløyse Brorsons salme til bruk på Jesu omskjeringsdag (første nyttårsdag), den som opnar slik:

Hvo Hjertet vil omskjære,
Dets Forhud tage af,
Den gamle Adam bæere
Til Døden og sin Grav,
Han faar og Jesu Sind
Som er omskaaren bleven,
Han er til Himlen skreven
Og Korsets Orden ind.

Den som kunne skrive noko slikt – men på ein langt meir aktuell måte. Manglar vi ikkje ein skikkeleg rockesalme om dette emnet, t.d. for bruk ved borgarleg omskjeringsdag? Brorson si gamle høver berre til kyrkjelege by-pass seremoniar. Jo, kanskje eg heller gjer noko slikt. Det kan ha framtida for seg, så mykje forhud som det finst der.